



Telefon : 56 35 60 68  
Telefaks : 56 35 70 20  
Adresse: 5994 VIKANES  
Orgnr: 985 868 344 mva

## **DYRKOLBOTN FJELLSTOVE** **Leirskole og gjestehus**

Lindås Kommune

### **REVISJON AV KOMMUNEPLANEN**

Dyrkolbotn Fjellstove har hatt ein fin auke i gjestetalet dei siste åra, og vi har brukt mykje midlar til å ruste opp anlegget og legge til rettes for vidare utvikling. Vi held no på med å avslutte eit kjøp av tilleggsareal rundt tomta. Vi får då til saman eit område på kring 90 mål. I tillegg har vi ein «tung bruk» av ressursane til naboane, som vatn, skog og fjell, og også gardshus og andre installasjonar.

Ved rulleringa av kommuneplanen ber vi om at arealet her vert disponert slik at det gjev rom for vidare utvikling av leirskuledrifta og tilbodet vårt til andre grupper og gjester.

Nokre framtidsvyer i kortversjon, tilfeldig rekkefylgje:

- Liten stall/driftsbygning for dyrehald. Vi lånar no hestar under leirskule-sesongen, og i vinter skal vi prøve med sledekøyring med lånte trekkhundar. Men vi ynskjer å ha litt dyr her heile tida, som ungane og andre kan stelle med.
- Naust for kanoane og robåtane
- Garasje, og verkstad både for vaktmeister og elevar. Traktor og reiskap står no ute.
- Personalbustad
- Auka overnattingskapasitet. Anten ny soveromsfløy eller utleige-hytter. Kravet til standard har auka, så 24 (til dels store) soverom er for lite i høve til resten av huset når vi har grupper av vaksne folk som ynskjer einerom/dobbeltrom. Vi kunne fint hatt konferansar på 100 deltakrarar om vi hadde fleire soverom. 100 ungdomar går heilt fint!
- Gymsal/konferansehall (Stål-dragarane er kjøpte inn!)
- Opparbeiding av uteområdet. Dyrke litt, «Tarzan-løyper», ny ballbane, betre bålpass/grillpass
- Resepsjon/varmestove med enkel servering. Som kan nyttast meir uavhengig av resten av anlegget når store grupper leiger heile huset. Som kan vere «alltid open» for tilfeldige gjester.
- Fjerne virvaret av stolpar og leidningar, slik at utsikta ut vinduet vert rein natur. Godt i gang! BKK og grunneigarane har no gjort avtale om at straumnett skal vere i jordkabel i Dyrkolbotn. Telenor-sjefen for vårt område viser ikkje interesse korkje for funksjonalitet, økonomi eller estetikk. Men kanskje det kjem ein ny sjef? Rein og ryddig natur er særleg viktig for leirskuledrifta og våre utanlandske grupper.
- Ei skånsom utbygging av vegnett og stiar. For hesteriding, rullestolar, sykling og trase for skiløyper når her er lite snø m.m. «Pynta» på den nedlagde kommunale vegen (no akebakke!) og gamle E 39
- Betre tilrettelegging for dagsutfarten. Toalett nærmere parkeringsplassen? Skilting
- Opparbeide badestranda betre og større

Det vil ta mange år å få gjennomført alle desse tiltaka, og vi har framleis litt opprustingsarbeid att på eksisterande anlegg. Men vi ynskjer å få moglegheit til å utvikle oss vidare, og å bygge litt etter kvart som vi får råd og tid. Vi ynskjer altså at arealet får ein status i kommuneplanen, slik at ei gradivis utbygging vert mogleg, utan at vi må ha dispensasjon frå kommuneplanen for kvar gong. Heile området er i dag LNF-område. Det er forsåvidt greitt, i og med at det er LNF-aktivitetar vi ynskjer å drive og LNF-verdier vi ynskjer å formidle til våre elevar og andre gjestar. Men då må omgrepet LNF tolkast vidt, slik at ikkje areal-statusen hindrar bygging av hus og anlegg som skal tene dette føremålet.

Er det råd å knyte vedtekter til LNF-klassifisering av arealet, slik at utbyggingstiltak for eksisterande drift vert i samsvar med kommuneplanen? Eller må arealet rundt Fjellstova då klassifiserast som utbyggingsområde?

Dette er eit dilemma for oss.

Det er avgjerande viktig at Dyrkolbotn og øvre Romarheimsdalen behald sin eigenart som ei fjellbygd med urørt natur, skog, fjell, vatn og litt kulturlandskap med dyrka markar, beite og hus, - altså LNF område. På same tid er det viktig å sikre at vi kan tilrettelegge området slik at det kan brukast av mange, og gje meiningsfullt arbeid og inntekt for dei som bur her.

Så uparsersllering av hyttetomtar er vi like i mot som vi alltid har vore. Men andre utbyggingar som vert liggande under lokal kontroll kan vere svært positive. Vi vil gjerne ha nye hus med lys i vindauge heile året og eigalarar som er til stades og yter noko attende, vaktarar og røktarar. Vi ynskjer ei levande fjellbygd, og arbeidsplassar og ny aktivitet er velkommen. Sjølsagt under føresetnad av ei formuflig plassering av ting.

Elles vonar vi på eit framleis godt samarbeid med kommunen, slik vi har hatt dei siste 10 åra. Og om kommunen og staten vil koma hit med tiltaksmidlar for å begrense finanskrisa, så kan vi gjerne ta i mot dei! På ein slik måte at samfunnet kan få mykje attende, herunder arbeidsplassar både i byggeperioder og etterpå. Vi har ingen organisasjon i ryggen, ingen gavemidlar og ingen skattelette, så for å stille likt med våre konkurrentar, skulle vi hatt litt meir offentleg opp-backing.

Vikanes, 25. januar 2009

Signhild Dyrkolbotn

Vedlegg: Kart

Kopi til naboane